

**VEDTEKTER
FOR
KYRKJEGARDANE
I
VESTNES KOMMUNE**

*Vedtatt i Kyrkjeleg fellesråd 28.11.2007
med tillegg/endingar 15.03.2011*

Jrf. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven), og Forskrift til denne.

§1. Administrasjon

Vestnes kyrkjelege fellesråd har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardane.

§2 Drift

Kyrkjeverje/dagleg leiar er ansvarleg for den daglege drifta av kyrkjegardane. Dette inneber m.a. føring av gravprotokoll og kartverk, skrive ut festebrev, krevje inn festeavgift, tilvise graver og er styrar for gravlegat.

§3 Rett til grav.

Rett til grav har alle som bur eller har budd i kommunen. Andre kan få grav etter særskilt løyve frå Fellesrådet.

§4 Fredingstid og festetid.

Ei grav kan nyttast til ny gravlegging når det har gått minst 20 år sidan den siste gravlegginga (fredingstid) . Urne kan likevel nedsetjast i kistegrav sjølv om fredingstida ikkje er utgått. Festetida er 5 år.

§5 Feste av grav.

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Feste av gravstad kan berre skje i samband med dødsfall. Den grava som blir teken i bruk først i ein gravstad, er fri grav i fredingstida.

I tilfelle der ein måtte ynskje å feste ei tredje grav, må det søkjast om dette til Fellesrådet.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava festast for nye 5 år om gongen. I god tid før festetida/fredingstida går ut, skal festaren varslast. Dersom ein då ikkje ynskjer å feste grava vidare, skal festar få tid til å fjerne gravminne og liknande innretning frå kyrkjegarden. Er ikkje festet fornya innan 6 månader etter forfall, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggast i festa grav utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan Fellesrådet avgjere spørsmålet om gravlegging.

Festar pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festaren døyr, skal dødsbuet gi Fellesrådet melding om kven festet skal overførast til. Ved usemje skal Fellesrådet ta avgjerda.

§6 Grav og gravminne.

Gravminne skal før oppsetting godkjennast av kyrkjeverjen.

Gravminne som blir sett opp utan å vere godkjent, vil etter ein gitt frist bli fjerna, og rekning for dette blir sendt til leverandøren.

Kyrkjegardsbetjeninga vil sørge for at grava er planert og tilsådd etter gravlegging.

Gravminne kan ikkje settast opp før det har gått 6 månader etter gravlegging i kiste.

I mellomtida blir det oppsett eit merke med namnet til den avlidne.

Fordi det som regel er tele i jorda i månadane frå november til april, bør det ikkje oppsettast gravminne i den tida.

Gravminnet blir plassert på den grava som vert teken i bruk. Ved dobbelgrav blir gravminnet sentrert etter siste gravlegging.

Når det gjeld dimensjonar og sikring av gravminne, viser ein til *Forskrifter til lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd 10.januar 1997, med endring 11.des.2002.*

§7 Plantefelt.

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

Inklusiv innramming, må det ikkje vere breiare enn sokkelen, og det skal ikkje gå lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet, og området utanfor kan heller ikkje brukast til plassering av lause gjenstandar.

Plantefeltet kan rammast inn med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring. Heile plater med eitt eller fleire hol for planting er festar sitt ansvar dersom slikt blir montert.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting som blomsterurner, lykter o.l. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Dersom nokon monterer annan innramming enn det som er tillate, monterer faste dekorting på gravminne/i plantefeltet eller brukar lause dekorting, er det ikkje Fellesrådet sitt ansvar og det blir ikkje erstatta ved eventuell skade under vanleg drift og vedlikehald på kyrkjegarden.

Ved fornying av feste kan kyrkjevevjen krevje at alt utstyr på grava vert ordna slik at det er i samsvar med det som er bestemt i vedtekter, lover og forskrifter.

Ustelte plantefelt vil bli tilsådd.

§8 Plantemateriale.

Planter, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferd eller til pynt av grav og som endar som avfall, skal vere komposterbart.

§9 Stell av grav.

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den/dei graver han/ho har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal tilsåast av den ansvarlege eller kyrkjegardsbetjeninga. Kyrkjeleg fellesråd kan sørge for årleg stell/planting på grav mot betaling.

§10 Gravlegat.

Ved innbetaling av ein sum frå ansvarleg for frigrav eller festar, vil Fellesrådet sørge for planting og stell av grav. Gravlegata blir forvalta med dagleg leiar i fellesrådet som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av grav for eit fast tidsrom eller så lenge der er midlar. Det skal opprettast legatavtale.

Dersom det i legatperioden oppstår økonomiske tilhøve som gjer at legatmidlane ikkje strekk til, skal legatstyrar gi melding om dette til den ansvarlege eller festaren. Det er då høve til å auke legatet slik at det varer tida ut. Men dersom midlane blir oppbrukte og legatet ikkje får påfyll, vil ansvaret for vedlikehaldet falle bort.

Skulle det vere midlar att på legatet når tida er ute, skal desse nyttast av Kyrkjeleg fellesråd til å gjere kyrkjegarden vakrare.

Gravlegat har ei felles forvaltning, men legatstyrar fører eige rekneskap for kvart legat. Rekneskapen blir revidert årleg. Det vert rekna provisjon til dekning av utgifter i samband med administrasjon og revisjon av legatmidlane.

§11 Næringsverksemd.

Næringsdrivande som ynskjer å drive næringsverksemd på kyrkjegarden, skal innhente løyve frå Kyrkjeleg fellesråd. Løyvet kan kallast attende dersom vedkomande ikkje rettar seg etter gjeldande avtalar og regelverk. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

Fellesrådet sine tilsette kan ikkje mot eiga godtgjering, utføre tenester eller sal av varer som har med kyrkjegarden å gjere.

§12 Ansvar for skade

Kyrkjeleg fellesråd er ikkje ansvarleg for skade på graver og gravutstyr dersom skaden skjer på grunn av naturhendingar, hærverk eller tjuveri. Ein har berre ansvar dersom skade kjem på grunn av aktløyse av kyrkjegardsbetjeninga.

§13 Anna.

Spørsmål av lokal karakter som ikkje er oppdekt i desse vedtektene og heller ikkje er avklara i forskrifter og gravferdslov, skal avgjerast etter vedtak i Kyrkjeleg fellesråd.

Etter gamal kyrkjeleg tradisjon blir alle kister ved kyrkjegardane i Vestnes gravlagde i aust – vest retning, med hovudenden av kista mot vest.

Ved regulering av dei nye gravfelta ved Tresfjord og Vestnes kyrkjegardar er gravrekkjene plassert slik at to og to gravrekkjer dannar eit lite felt. Gravminna blir såleis ståande rygg mot rygg, nokre med teksten mot aust, andre mot vest.

Etter gravferdslova er det Kyrkjeleg fellesråd som tilviser gravstad på kyrkjegarden. Pårørande kan ta kontakt med kyrkjevevja for å få sjå kvar grava blir plassert. Det er også mogleg å få tilvist grav ved dei gamle kyrkjegardane.

Revidert og vedtekne i Fellesrådet 15.03.2011.